Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36 Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Hovin

Emne: Helsing, fakter og åtferd Bygdelag: Oppbygda

Oppskr. av: Herlej Sauro Gard:

(adresse): Hovin, Telemark G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

7 Uttrykk for ja eller nei med hovud eller hand er tildels nytta; men ikkje ålment som ein fast skikk. I dei tilfelle da rörsler vert nytta istaden for ja t.d. sker dette med små nikk med hovudet, og nei med å rista eller skaka på hovudet, stundom ein liten sleng med högre handi ut og frå seg. Ellers seier folk både no og för helst ja eller nei med ord utan rörslor.

2-3-4
För i tida, för 1900, helsa folk på alle dei mötte, anten dei kjende kvarandre eller ikkje. Dei sa då: goddag, gomorån eller godkvell etter som det hövde med tida på dagen dei möttest. Når dei möttest so til vanlegt var det ingen regel for kven skulle helse först. Det einaste var vel at born skulle helse först på vaksne.

5 Mötte dei gamle presten og han gjekk, so stogga dei og handhelsa på

10636

konom med „lūva" [lūva] eller hatten i handa. Køyrde presten so helste dei med å ta av seg lūve eller hatt. Samleis om dei møtte lensmannen. Møttest to slektningar etter eit langt fråver so handhelste dei på kvarandre. Det var ikkje vanlegt at folk tok av seg hovūdplagget når dei helsa til kvarandre. Det var ingen skildnad i so måte på husmenn eller storbønder.

Handhelsing var av sūmi ein mykje nytta helsemåte når dei kom til messe ved kyrkja om sūndagane. Eg hugsar som ūng gūttepøyk at eg syntes det var rart at når det kom rektig gamle folk til kyrkja so handhelsa dei på alle som stod ūte på kyrkjibakken. Spesielt la eg merke til at ein gammal mann helsa på alle dei andre karane men berre på dei fåe kvinnone som stod like i nærleiken av karaskokken. Samleis gjorde dei gamle konone som kom, dei helsa i handi på heile kvinneskokken som stod i ei klyngi, gjerne inne på sjølve kyrkjegarden, medan karane stod ūtanfor gjerdet. Dette var vel so i 1910-11. No har denne skikken med handhelsing på alle som stend på kyrkjibakken falle bort. No helsar berre gode venner eller slektningar på kvarandre med handhelsing dersom det er lenge sidan dei har råkast.

Når folk kom til lag som brūdlaups,

10636

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

gravöl eller andre samkomor so handhelsa dei alltid på kvarandre fór i tida, og skikken held seg vedlike i dag ogso. Det er dat same om t.d. to grannar har råkast fór om dagen so helsar dei på kvarandre når dei kjem inn i huset der laget vert halde. Den som kjem skal alltid helse på dei som sit inne fór.„Vart nokon av dei som såt inne ved vanvare utegløymt med helsing gjorde dei det som ei personleg krenking; sjølv om dei sat slik til at det måtte sers åtgaum til av den som kom fór å merka dei." Dette siste er fortalt av min far som no er 84 år gamal. Når dei kom inn helsa dei på alle som var i huset, ogso små ungar som sat på ~~fanget~~ tok dei i hand.

At folk samstundes som dei helsa på kvarandre klappa einannan på aksla hende og hender vel den dag idag; men var og er ikkji ålment.

10-11-12

At folk tok av seg hatten når dei høyrde fyrste klemtinga av kyrkjeklakkone var vanleg når dei stod innmed kyrkja; men dei sette han påatt med eingong. Var dei lengre unda var det ikkji nokon fast regel. Men eg har lagt merke til at eldre folk gjorde det kor dei so var fór; men ikkji no lengre. Nokon helsing til kyrkjeklakkone frå kvinnar ved kyrkja la eg aldri merke til. Men eldre konor på kring 80 år fortel at dei i eldre tid

10636

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

bøygde hovudet til helsing. At dei ha nokon serleg seremoni om dei t.d. stod ute på åkeren når dei fekk høyra klokkeringning er ukjent her.

At folk som t.d. møtte ei likferd tok av seg hatten eller luva var ~~uvanleg~~ ålment; men både når det galt likferd og brurefred so var det ein ålmenn skikk her, å ikkje vera i vegen der dei for. Folk som møtte slike, stakk tilskogs, eller venta inne til dei ha fara framum.

At det vart helsa på daue ting eller dyr er heilt ukjent her.

13.

Før i tida helsa folk kvarandre med: „gumaren" for kl 8-9 eller rettare for soli hadde kome retteleg opp. Midt på dagen og til soli gladde helsa dei med „gudag" Og frå soli gladde til nest fyre dei la seg med „gukveld" I timane frå kl 20 til 24 sa dei: „gonatt"

14–16 Før i tida. d.v.s. før 1900, vart det halde for uhøvisk å helse t.d. „gumårn" midt på dagen og om kvelden; men no vert det ikkje lagt noko merke til lenger. Det er elles vanleg å si „mårn" til alle „døgnets tider" mest. Det einaste ein ikkje med sinnd kan helse med idag er vel å helsa: „god kveld" om morgonen. Dei var nøgje med helsinga før: Eg hugsar det vert fortalt om ein gamal mann her i grannelaget at han sa til dei unge som gløymde å helsa på

10636
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

han: „Men kor ha det vorte av den godslag du"

17. Helsingane som er nemnde i spursmålet var mykji vanlege før; men no er det sjeldan å høyra dei, det kan vera eldre folk som brukar dei av og til. Ordlaget: „signe maten" o.d. er no omlegt med: „Velkomne" som igrunnen segjer sers lite

18. Eg kan ikkje no hugsa å hava høyrt slike

19. Helsinga vert like oppatt når ein kjem inn også.

20 Det vanlege her i bygda var da å slå tri slag med handi, staven eller liknande på ytterdøri og so venta til einkvan inne i huset kom ut. Var det da den ein ville tala med som kom ut, var saka sjølvsagt i orden. Ellers var det å få den som var kome ut (Det kom helst ut ein av borni) til å henta ut den ein ville tala med. Her i bygda ordleider dei seg umlag slik i dette høvet: „Er far din heime; om du da vi be'n te å kåmmå ut so e' får snakke me'n" Denne skikken er i bruk enno.

21: Før bruka dei aldri å banke på døri før dei kom inn

22: Til burt.

23-24. Det vanlege var at dei som kom inn stad ved døra. Om dei tok hatt eller huve av seg straks dei kom inn var so av og til. Helst venta dei til dei hadde sett seg

25 Dei som var inne, anten husmora eller husfar sa omlag slik: „Sjå til at du får sitja"



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

26–29. Det vart gjort skilnad på om det var heilt framande eller kjende som kom inn. Ein framande måtte målbera erendet sitt før dei bad han sitja seg, og var erendet av eit slikt slag at han fekk nei, bad dei han ikkji sitja seg i det heile. Helsinga med godlag o.s.b. var vel den same for framande som kjende. Å turka av stolen vart nok av og til gjort men ikkji som regel. Helsinga til innbedne gjester var so ymse. Meste vanlegt var å ynskja dei velkomne i huset.

30: Det mest vanlege var å segja „farvel" når folk skildest.

31: Når folk skildest for lang tid eller kanskje for alltid tok dei kvarandre i handa og sa omlag slik: „Ja, so får du ha farvel og leva so vel til me kanskje råkast ein gong."

32.–38 Skikken med å kyssa og klemma kvarandre ved møte, attersyn og avskil er heilt ukjent her. So store kjenslor torde det reserverte og nøkterne folket i fjellbygda ikkji syne offisielt fram.

39–43 Skikken er godt kjent her. Dei sa å byta nase. Alle kjende bygdefolk kunne gjera det. Men det var no helst kvinnfolk som gjorde det med borna. Godtjake med born er kjent; men ikkji millom vaksne.

44. Det er igrunnen ikkji kjent noko sers ordelag utanom „til lykke". Til brudefolk kunne det verta sagt: „Held og lykke fylgja dykk på livsvegen"

45: Gamle folk fortel at dei i sin ungdom for (60 år sidan) ikkji kan hugsa

10636

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

at jalt. til vanlegt ikkji helsa kvarandre med t.d: god jol, godt nyår og l.
Det er fyrst no i seinare tid det har vorte ålment.

46: Nokon rein kondolanse vitjing var ikkji ålment. Men råkast gode kjenningar so sa dei umlag slik: „Eg synest det er syrjelegt". „Det er vondt å høyra." o.l.

47. Forma for takking kunde vera so ymse. Til takk for mat o.l. sa dei umlag slik: „Mange takk for allslags lekostning."

48. Skikken å takka for seg på vegne av den andre er ukjent her.

49. Ved ikkji å helsa på vedkomande i ei samkoma der alle helsa på kvarandre. Snu ryggen til vedkomande istaden for helsing.

50. Her seier dei mest berre „du" til alle uansett stand eller sosial posisjon

51: Forma ~~er~~ heilt ukjent her i bygda. Det er vel heller ikkje nytta for dei som lever no minnest.

Hovin 11/4 55

Herluf Sæter

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10636